

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 15.09.2016  
Vår ref.: 2016/8842-2  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Nedleggjing av billettkontora på Voss, Finse og Geilo stasjonar

Utvalet for miljø og samferdsel i Hordaland fylkeskommune drøfta denne saka på møte den 7. september 2016. Bakgrunnen for drøftinga var ei politisk melding som var sett på sakskartet, samt ei rekkje bekymringsmeldingar som medlemmar av utvalet har fått frå ulike hald. Utvalet vedtok samrøystes å senda brev til samferdselsdepartementet og NSB for å melda sin otte for fylgjene av at NSB reduserer aktiviteten på desse stasjonane.

Både gjennom brev og innlegg i media har det frå mange hald kome til uttrykk at vedtaket om å leggja ned billettsalet på stasjonane er fatta på eit for dårleg utgreidd grunnlag. Me syner m.a. til brev frå ordførarane frå Voss, Ulvik og Hol der det vert peika på at det er dårleg samsvar mellom NSB sitt mål om å satsa meir på reiseliv og å leggja ned billettsalet på nokre av dei viktigaste turistdestinasjonane langs jernbanenettet i landet. Det vert og peika på at servicegrad og opplevd tryggleik er viktige faktorar som kan sikra vekst på Bergensbana.

Frå Hordaland fylkeskommunen si side kan det sjå ut som om vedtaket om å leggja ned billettsalet er gjort utan at det i tilstrekkeleg grad er konsekvensvurdert med omsyn til beredskap for ulukker og andre uønska hendingar på Bergensbana.

Hordaland fylkeskommune ber difor om at vedtaket om å leggja ned billettsalet vert stilt i bero til alle sider ved saka er konsekvensvurdert.

Nils T. Bjørke  
Leiar i utvalet for miljø og samferdsel

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

